

Interessegruppa for Sandane lufthamn, Anda

Innspel til høyring av ruteprogram til Widerøe Sak i fylkesutvalet.

1. Generell vurdering

Sandane lufthamn har hatt tilnærma samme ruteprogrammet siste 15 åra, dette til tross for auke i trafikken. Samtidig har alle dei andre flyplassane i fylket og Ørsta/Volda fått utvida ruteprogram. Dette fører til at på dei mest populære rutene (morgon og kveld) er det ikkje kapasitet nok, og reisande som naturleg ville bruke Anda må då bruke anna flytilbod i fylket. Dette fører til ulempe for dei reisande. Vi trur dette berre kan løyast med fleire direkte ruter.

2. Kommentar til fylkesrådmannen si tilråding.

a) Vi er litt usikre på kva som er meint i punkt 1. " Fylkesutvalet ber Widerøe om å finne løysingar som sikrar behovet for eit ettermiddagsfly frå Anda lufthamn, Sandane..... " Sandane lufthamn har i dag ettermiddagsfly som kjem frå Oslo 1325 og returnerer vida Sogndal til Oslo 1345.

Vi støttar fullt ut punktet om betre rutetilbod på laurdagar

b) Vi støttar punkt 2 om å opprette fleire ruter for Sandane og Sogndal morgon og kveld. Dette er dei mest kritiske rutene både for Sandane og Sogndal. Og når to flyplassar deler eitt fly vert det ofte for liten kapasitet. Det er også viktig å merke seg at morgon og kveldsflyet kjem til og frå Oslo med dårleg korrespondanse til andre destinasjonar og særleg utlandet. Det er derfor sterkt ønskjeleg med tidlegare avgang om morgonen og seinare avgang om kvelden. Frå Førde, Florø og Hovden går morgonflyet så tidleg at det korresponderer bra med utanlandsdestinasjonar. Det same gjeld også for kveldsflya.

Kravet til Widerøe er: Direkte fly frå både Sandane og Sogndal om morgonen og då slik at desse flya er i Oslo mellom 0730 og 0800. Direkte fly om kvelden til

Sandane og Sogndal og då slik at siste avgang ikkje er før mellom kl 2100 og 2200.

c) Sandane er einaste flyplassen som har for sein innkomst frå Oslo om morgonen. Slik det er i dag er første fly inn kl 1030, for reisande som skal fram og tilbake på dagen blir dette for dårleg. Alle dei andre flyplassane har "innfly" i tidsrommet kl 0700 og kl 0900. Sandane må få tidlegar "innfly" om morgonen, seinast kl 0900.

Med helsing

Interessegruppa for Sandane lufthamn, Anda

Svein Ottar Sandal

leiar